



Helge Rikstad
Rossnesvegen 15
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/614 - 14/5530

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
22.05.2014

Dispensasjonssak gbnr 22/1 Rikstad - flytebryggje og veg til sjø - dispensasjon frå arealføremål og strandsone - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 07.05.2014 der følgjande vedtak vart fatta:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 029/2014

PLT - vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon for utlegging av flytebryggje som omsøkt.

Grunngjevinga for vedtaket er:

Hovudutvalet vurderer at tiltaket er i tråd med LNF-føremålet. Vurderinga er basert på at det er gardsdrift på eigedommen, og utvalet finn det ikkje avgjerande at eigar av personlege grunnar ikkje drifrar garden sjølv på det noverande tidspunktet.

Hovudutvalet har etter dette berre vurdert søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 som gjeld byggjeforbod i strandsone.

Hovudutvalet kan ikkje sjå at ein flytebryggje knytt til eksisterande, lovleg oppført kai råkar ålmenta sin ferdsle i området. Kai, naust og området rundt er ope for ålmenn ferdsle, og ei flytebryggje endrar ikkje dette. Flytebryggja fører ikkje til auka privatisering av området.

Når det gjeld landskapsverknaden har hovudutvalet lagt avgjerande vekt på at tiltaket er reversibelt då det ikkje krev terrenginngrep. Søkjar har opplyst at flytebryggja skal takast opp om vinteren. Landskapsverknaden av tiltaket vil difor også vere avgrensa til ein kortare periode kvart år. Flytebryggja er vidare plassert på ein eigedom der det allereie er oppført eit naust og ei hytte innafor 100-metersbeltet mot sjø. I området er det fleire hytter, naust, bryggjer og liknande tiltak i strandsona. Strandsona er såleis allereie til dels nedbygd.

Når det gjeld tilhøvet mellom fordelar og ulemper finn hovudutvalet å leggje avgjerande vekt på at det av omsyn til drifta på garden kan vere naudsynt med tilgang til sjø. Det er grunn sjø utanfor eksisterande kai og ikkje mogleg å leggje til med båt. Ei flytebryggje vil gjere tilkomst med båt mogleg. Tiltaket vil etter hovudutvalet si vurdering tilføre ein verdi til bruket som er større enn ulempene ved tiltaket.

Det er hovudutvalet si vurdering at omsyna bak byggjeforbodet i strandsone ikkje vert vesentleg sett til side, og at fordelane ved ein dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering. Hovudutvalet har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 –12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Hovudutvalet finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og § 1-8 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 030/2014

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok rådmannen si tilråding med fem røyster mot ei røyst. Trond Morten Marøy, FrP, røysta i mot.

PLT - vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon for forlenging av veg til naust.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 11-6, jf. § 19-2.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka som gjeld flytebryggje vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdring. Om fylkesmannen ikkje nyttar sin høve til å klage er vedtaket å sjå som endeleg innan tre veker frå dato.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Dispensasjon Gbnr 22/1 Rikstad - flytebryggje - søknad om dispensasjon

Dispensasjonsak gbnr 22 /1 Rikstad - forlenging av veg til naust - søknad om dispensasjon

Mottakere:
Helge Rikstad

Rossnesvegen 15 5937

BØVÅGEN